



Nattjazz
Georgerenes verft 12
5011 BERGEN

Dato: 04.02.2015
Vår ref.: 2014/13090-309
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

Fylkesløyving 2015

Fylkestinget godkjennde årsbudsjettet for 2015 i møte 9. desember 2014, sak 75.

Hordaland fylkeskommune har tildelt Nattjazz eit fylkestilskot for 2015 på

kr 109.000,-

FØRESETNADER FOR TILSKOTET:

- Det er ein føresetnad for tildelinga at krav til god økonomiforvaltning, kontroll og rapportering vert oppfylde.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta som føreset. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkrevd for sin kontroll.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskottgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>
- Det er ein føresetnad at tilskottsmottakar aksepterar og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følgje.
- Vi gjer merksam på at dersom verksemda mottek meir enn 50 % av inntektene frå det offentlege, vert verksemda omfatta av "lov om offentlige anskaffelser".

BUDSJETTSØKNAD FOR 2016

Fylkestinget vedtok i møte 10.12.2014 sak 84/2014 ny regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025.

I vedtaket heiter det m.a.:

4. *Fylkestinget innfører ordning med 3-årig fylkeskommunal driftstøtte, med oppstart frå og med 2016. Ordninga er ei prøveordning som skal evaluerast i 2018.*

Kultur- og idrettsavdelinga arbeider no med revisjon av søknadsskjema, søkeprosess m.v. Informasjon om dette vert sendt i eige skriv til dei som har fått melding om budsjettvedtak for 2015 og også offentleggjort på våre nettsider seinast 1. mars.

Søknad om fylkestilskot for år 2016 skal sendast Kultur- og idrettsavdelinga innan **1. april 2015**. Søknadsskjema vert lagt ut på våre nettsider seinast 1. mars.

RAPPORTERING/REKNESKAP:

Årsmelding og rekneskap vert å senda Kultur- og idrettsavdelinga så snart dette ligg føre og **seinast innan 1. mai året etter at fylkestilskotet er motteke**.

I samband med utarbeiding av ein regional kulturplan for Hordaland skal Hordaland fylkeskommune gjennomgå alle organisasjonar som mottok driftstilskot. Den regionale kulturplanen vil verte styrande for framtidige tildelingar av tilgjengelege midlar som Hordaland fylkeskommune fordelar.

Hordaland fylkeskommune vil i 2015 gjera særleg merksam på følgjande tiltak:

Kulturkort for ungdom

Hordaland fylkeskommune si ordning om kulturkort vert vidareført for ungdom mellom 16 og 20 år i Hordaland. Kulturkortet skal vera ein inngangsport til eit breiare kulturliv. Målet er å gjera visuell kunst, museum, teater, dans, film og konsertar meir attraktivt for målgruppa - å senka terskelen for å oppsøkje større delar av kulturen. Kortet gjev rabattert/gratis tilgjenge på institusjonar og arrangement som gjennom avtale med Hordaland Fylkeskommune er med i ordninga.

Hordaland fylkeskommune legg til grunn at dei som får driftstilskot sluttar opp om ordninga og gjev tilbod om rabattar eller gratis tilgjenge for ungdom med kulturkort. Tilskotsmottakarar som enno ikkje har avtale med Hordaland fylkeskommune om dette, må ta kontakt med Kultur- og idrettsavdelinga.

Den kulturelle skulesekken - Hordaland

Hordaland fylkeskommune samordnar arbeidet med dette tiltaket i fylket. Vi oppmodar institusjonar som mottok fylkeskommunal stønad om å utvikla regionale formidlingstiltak retta mot born og unge i samsvar med føresetnadene i tiltaket, og til å vera ein del av nettverket i Den kulturelle skulesekken i Hordaland.

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.